




















**OVERSIKT OVER ULIKE ORGANISMEGRUPPER** med kort beskriving, eksempel og tilhørsele i større grupper. Eksempla som blir gitte, kan vere alt frå artar til rekkjer, avhengig av kor kjend den aktuelle gruppa er. **Formelle grupper** finn vi att i moderne klassifikasjonssystem, og dei fleste høyrer til eit bestemt nivå (f.eks. rekkje eller klasse). **Uformelle grupper** fanst i tidlegare klassifikasjonssystem, og somme av namna er framleis i bruk fordi dei utgjer praktiske einingar. Organismegruppene i kolonnen lengst til venstre er oftast, men ikkje alltid, formelle. Domenet Eukarya (dei eukaryote organismane) er fordelte på **dyreriket**, vist i blått, **soppriket** i brunt, **planteriket** i grønt og det gamle, oppløyste **protistriket** (der mange grupper no har ei usikker plassering) i grått. Prokaryote organismar finn vi i domenet **eubakteriar** og **arkebakteriar** vist i lilla og lyseblått. Det må understrekast at det er gjort mange val og kompromiss i denne oversikta. Andre kjelder kan derfor gjerne avvike noko frå dette. Systematikk og klassifisering er, som all annan vitenskap, kjenneteikna ved å vere i stadig endring på grunn av tilflyt av ny kunnskap.

GRUPPE	BESKRIVING/KJENNETEIKN	EKSEMPEL	FORMELLE GRUPPER	UFORMELLE GRUPPER	
<b>SVAMPAR (PORIFERA)</b>	Enkelt bygde, i all hovudsak marine organismar som manglar organ og differensiert vev.	kalksvampar, glas-svampar, horn- og kiselsvampar	Svampane er den einaste rekkja i den store gruppa <b>PARAZOA</b> . Alle andre dyr høyrer heime i det som blir kalla <b>METAZOA</b> .	<b>VIRVELLAUSE DYR (INVERTEBRATA)</b> er ei uformell og stor gruppe organismar som omfattar alle dyr som ikkje har ryggrad. Dei har ikkje nødvendigvis så mykje anna til felles ... Dei aller fleste virvellause dyr er òg <b>PROTOSTOMAR</b> med unntak av <b>PIGGHUDANE</b> som har den uvanlege kombinasjonen av å vere <b>DEUTEROSTOME</b> og <b>VIRVELLAUSE DYR</b> . <b>PROTOSTOMAR:</b> Munnen blir danna av den første opninga (urmunnen).	
<b>NESLEDYR (CNIDARIA)</b>	Enkelt bygde organismar med stort indre hòlrom. Giftige nesle-trådar blir brukte til jakt og forsvar.	maneter, koralldyr, hydroidar 	Saman med <b>RIBBEMANETENE (CTENOPHORA)</b> utgjer dei <b>RADIATA</b> med radiær symmetri. Dei under høyrer til <b>BILATERIA</b> med bilateral symmetri.		
<b>FLATMARK (PLATYHELMINTHES)</b>	Manglar respirasjons- og sirkulasjonssystem (gassutveksling via overflata), mange parasittiske.	bendelorm, iktar (f.eks. lakseparasitten <i>Gyrodactylus</i> )	<b>LOPHOTROCHOZOA</b> er ei gruppe virvellause dyr som i tillegg til <b>FLATMARK</b> , <b>BLAUDYR</b> og <b>LEDDORM</b> omfattar grupper som <b>MOSDYR (BRYOZOA)</b> , <b>ARMFOTINGAR (BRACHIOPODA)</b> , <b>HJULDYR (ROTIFERA)</b> og <b>HESTESKOMARK (PHORONIDA)</b> . Dei har anten ei hesteskoforma tentakelkrona for å skaffe mat eller larvane har eit spesielt band av cilier.		
<b>BLAUDYR (MOLLUSCA)</b>	Mjuk kropp som er dekt av eit hardt skal hos mange artar, dei fleste er marine.	sniglar: strandsnigel; blekksprut: akkar; muslingar: blåskjel			
<b>LEDDORM (ANNELIDA)</b> 	Ledd-delt kropp med mange liknande, noko spesialiserte ledd, har væskefylt hòlrom (coelom).	fåbørstemark: meitemark; fleirbørstemark; iglar			
<b>RUNDORM (NEMATODA)</b>	Utan ledd, runde, med eit hardt, ytre hudlag. Mange er parasittar.	innvollsorm, barneorm 	<b>LEDDYR (ARTHROPODA);</b> har eit ytre skjelett og bevegelige delar (ledd). Trilobittene er en utdødd gruppe. <b>ECDYZOER</b> har eit ytre hudlag til støtte og beskyttelse; skiftas tut når dyret vokser.		
<b>EDDERKOPPDYR (ARACHNIDA)</b>	Landlevande leddyrr med fire par bein og todelt kropp. Dei fleste er rovdyr, somme er parasittiske.	edderkoppar, skorpionar, midd 			Utgjer med dolkhalar og havedderkoppar <b>CHELICERATA</b> .
<b>MANGEFØTINGAR (MYRIAPODA)</b>	Landlevande leddyrr, planteetarar eller rovdyr, eitt til to par bein på kvart ledd og eitt antennepar.	tusenbein, skolopendrar			
<b>KREPSDYR (CRUSTACEA)</b>	Hovudsakleg marine, to- til tredelt kropp og minst tre par bein, to antennepar på hovudet.	krabbar, kreps, reker, hoppekreps, amfipodar 			
<b>INSEKTER (INSECTA)</b> 	Tredelt kropp, ofte to par vengjer og tre par bein. Somme vengjelaue (spretthalar og børstehalar) blir tidvis haldne utanfor insekta.	biller: marihøne, vasskalv; årevengjer: maur, bier; tovengjer: fluger, mygg; sommarfugl; kakerlakkar			<b>SEKSFOTINGAR (HEXAPODA)</b> inkluderer òg alle dei vengjelaue.

<b>PIGGHUDAR (ECHINODERMATA)</b>	Enkelt nervesystem, indre skjelett hovudsakleg som vern. Har sekundær radiær symmetri.	sjøpølse, sjøpiggsvin, sjøstjerne, slangestjerne, sjølilje			<p><b>AMNIOTAR (AMNIOTA)</b> er virveldyr som har utvikla egg som kan legges på land.</p> <p><b>VIRVELDYR (VERTEBRATA)</b> er dyr med ryggrad og hjerne verna av ein hovudskalle. Dei nemnde her tilhøyrer <b>KJEVE-MUNNANE (GNATHOSTOMATA)</b>. Saman med niauge, lansettfisk og sjøpung utgjer dei <b>RYGGSTRENGDYRENE (CHORDATA)</b>.</p> <p><b>DEUTEROSTOMER:</b> Munnen blir danna sekundært ved at det oppstår eit nytt hòl mens urmunnen blir til anus.</p>
<b>BRUSKFISK (CHONDRICHTYES)</b>	Skjelettet består av brus og ikkje bein. Manglar symjeblære.	hai: kvithai, tigerhai; skater			
<b>BEINFISK (OSTEICHTHYES)</b>	Skjelettet består av bein, og hudlaget er skjelkledd med slimproduserande kjertlar. Dei fleste har symjeblære.	strålefinna fiskar: gjedde, sild, laks, karpe, abbor; kvastfinnefiskar: blåfisk	<p><b>STRÅLEFINNA FISK</b> er ei svært stor fiskegruppe.</p> <p><b>KVASTFINNEFISKAR</b> var tidlegare artsrike, no berre to artar.</p>		
<b>AMFIBIAR (AMPHIBIA)</b>	Landlevande, men egga blir lagde i vatn, klekte til larvar ( rumpe-troll) som blir til vaksne landdyr.	springpadde: frosk, padde; ormepadder; salamandar	Saman med amniotane utgjer amfibiane <b>FIRFOTINGANE (TETRAPODA)</b> med fire lemmer.		
<b>KRYPDYR (REPTILIA)</b>	Vekselvarme, skjelkledd og landlevande virveldyr.	krokodillar, slanger, skjelpadder, (dinosaurar)	<p><b>KRYPDYR</b> og <b>FUGLAR</b> er saman ei formell gruppe som (noko forvirrande) òg blir kalla <b>REPTILIA</b>.</p>		
<b>FUGLAR (AVES)</b>	Tobeinte, varmlodige og fjørkledd, nesten alle kan flyge. Utvikla seg frå dinosaurforfedrar.	sporvefuglar: kråke, gråspurv, blåmeis; rovfuglar: ørn, falk; pingvin; struts	<p><b>PATTEDYR (MAMMALIA)</b> er ei velkjend gruppe dyr med mjølkekjertlar (mammar), hår, spesialiserte tenner og en stor hjerne.</p> <p><b>AMNIOTAR (AMNIOTA)</b> er virveldyr som har utvikla egg som kan legges på land.</p>		
<b>PRIMATAR (PRIMATA)</b>	Gripande hand, dei fleste med motsett tommel, stor hjerne.	lemur, sjimpanse, gorilla, mennesket			
<b>HAREDYR (LAGOMORPHA)</b>	Planteetarar med kraftige bakbein og gnagarliknande tenner.	kanin, hare 			
<b>GNAGARAR (RODENTIA)</b>	Planteetarar med to par framtenner som veks kontinuerleg.	mus, rotter, bever, hamster, ekorn			
<b>INSEKTETARAR (INSECTIVORA)</b>	Insektetarar er ei uformell gruppe som no er delt i to formelle.	spissmus, moldvarp piggsvin			
<b>(UPARTÅA) HÓVDYR (PERISSODACTYLA)</b>	Planteetarar med hóvar (eit ulikt tal tær).	hest, sebra, nasehorn, tapir 			
<b>KLOVDYR/PARTÅA HÓVDYR (ARTIODACTYLA)</b>	Planteetarar med klauver (oftast to tær); mange har horn eller gevir. Mange er drøvtyggjarar.	oryxantilope, kamel, flodhest, ku, sau, gris, sjiraff, elg, rein			
<b>KVALAR (CETACEA)</b>	Pattedyr sekundært tilpassa liv i vatn (som sjøku og sel som høyrer til andre pattedyrgrupper).	bardekvalar: blåkval; tannkvalar: delfin, spekkhoggar, nise, spermkval			
<b>ROVDYR (CARNIVORA)</b>	Kjøttetande pattedyr (somme er altetande), har hjørnetenner.	brunbjørn, ulv, sel, løve, mår			
<b>PUNGDYR (MARSUPIALIA)</b>	Morkake kortliva, ungane blir fødde på eit tidleg stadium og utvikla vidare i ein pung på magen til mora.	kenguru, tasmansk djevel, koala 			<b>METATHERIA</b>
<b>LOAKKDYR (MONOTREMATA)</b>	Eggleggjande med mjølkekjertlar (ikkje pattar). Felles opning til fordøyings- og forplantingsprodukt.	nebbdyr, maurpiggsvin	<b>PROTOTHERIA</b>		

GRUPPE	BESKRIVING/KJENNETEIKN	EKSEMPEL	FORMELLE GRUPPER	UFORMELLE GRUPPER
<b>ALGESOPP</b> (CHYTRIDIOMYCOTA)	Skaffar næring ved å sende hyfar inn i levande eller dautt organisk materiale. Ferskvatn, fuktig jord.	potetkreft, vassmugg	<b>SOPP (FUNGI)</b> er heterotrofe eukaryotar (som dyra kan dei ikkje produsere eiga næring, men må få ho frå omgivnadene; utgjer saman supergruppa <b>OPISTHO-KONTA</b> ) som har ytre fordøying (til for-skjell frå dyra). Sopp dannar mycel ved hjelp av hyfar. Celleveggen er laga av kitin. Sopp formeirar seg kjønna eller ukjønna ved hjelp av sporar. Éi av fleire grupper i tillegg til dei nemnde er <b>GLOMERO-MYCOTA</b> , ein endomykorrhiza-sopp som mange karplantar er avhengige av.	
<b>KOPLINGSSOPP</b> (ZYGOMYCOTA)	Landlevande sopp, mange lever av dautt, organisk materiale; somme dannar endomykorrhiza.	insektmugg, kulemugg, endomykorrhiza-artar		
<b>STILKSPORESOPP</b> (BASIDIOMYCOTA)	Sporar på klubbforma basidiar i hyfeendar. Mange dannar ekto-mykorrhiza på tre og buskar.	skivesoppar: sjampinjong, flugesopp, kantarell, kjuke; rustsoppar; gelésoppar		
<b>SEKKSPORESOPP</b> (ASCOMYCOTA)	Veks på dautt og levande plantemateriale. Dannar sporar i ein behaldar som blir kalla ascus.	heksekost, gjærsopp, begersopp, mjøldogg		
<b>LAV</b> (LICHENOPHYTA)	Lav er eit mutualistisk samliv mellom ein sopp (kalla mykobiont) og ein grønalge eller ein blågrøn"alge" (kalla fotobiont).	busklav: reinlav, kvitkrull; busklav: navlelav, lunge-never; skorpelav: kartlav, safranlav	LAV blir klassifisert etter soppkomponenten/ mykobionten som oftast er ein sekk-spore-sopp. Det er liten variasjon i fotobionten. Lav blir ofte kalla licheniserte sopp.	LAV blir delte i <b>SKORPE-LAV</b> , <b>BLADLAV</b> og <b>BUSKLAV</b> etter veksemåte – inga systematisk betydning.
<b>AMØBAR</b> (AMOEBOZOA)	Eincella og vasslevande, flytter seg med pseudopodiar.	amøbar; ekte slimsopp: ulvemjøl, trollsmør	<b>EKTE SLIMSOPP (MYXOMYCETES)</b> er ei av fleire slimsoppgrupper som høyrer til her.	<b>CHROMALVEOLATA</b> <b>KROMISTRIKE</b> <b>GRØNNALGER</b> <b>ALGER (ALGAE)</b> er akvatiske fotosyntetiserende organismer (inkluderer blågrønn"alger"/bakterier); noen fjern i slekt. <b>PROTISTRIKET (PROTISTA):</b> eit "oppsamlingsrike"; alt som ikkje tilhøyrte andre rike blei plassert her; delvis berre eincella eukaryotar, delvis òg makrolager. Tidlegare blei protistane delte i dyre-, sopp- og planteliknande. Den nye inndeling er i stadig endring.
<b>STRÅLEDYR</b> (RADIOLARIA)	Eincella, marine, dyreliknande protistar med indre silikaskal.	stråledyr (radiolariar)	Saman med m.a. <b>POREDYRA (FOR-AMINAFERA)</b> utgjer dei gruppa <b>RHIZARIA</b> .	
<b>AUGEALGER</b> (EUGLENOPHYTA)	Eincella, dei fleste er fotosyntetiserande, mens somme òg kan vere dyreliknande.	augealge ( <i>Euglena</i> ) 	Saman med <b>KINETOPLASTIDA</b> (m.a. sovesjukeflagellaten <i>Trypanosoma</i> ) utgjer dei gruppa <b>EUGLENOZOA</b> (òg kalla <b>EXCAVATA</b> ).	
<b>DINOFLLAGELLATAR</b> (DINOFLLAGELLATA)	Eincella, somme heterotrofe, andre fotosyntetiserande. Viktige primærprodusentar i havet.	dinoflagellatar 	Saman med m.a. malaria-parasitten <i>Plasmodium</i> og ciliatane utgjer desse gruppa <b>ALVEOLATA</b> .	
<b>KISELALGAR</b> (BACILLARIOPHYCEAE)	Eincella, ofte kolonidannande, pigment som hos brunalgane.	diatomer/kiselalger	Diatomar, brunalgar og nokre sopp-liknande organismar blir ofte samla i ei gruppe kalla <b>STRAMENOPILA</b> som nesten, men ikkje heilt, tilsvarer det gamle <b>KROMISTRIKET (CHROMISTA)</b> !	
<b>BRUNALGAR</b> (PHAEOPHYCEAE)	Fleircella, mikroskopiske til gigantiske, med klorofyll a og c og eit pigment som gir brun farge.	blæretang, sagtang, grisetang, tare		
<b>RAUDALGAR</b> (RHODOPHYTA)	Hovudsakleg fleircella organismar med klorofyll a og andre pigment.	kjøttblad, krusflik, fjørehinne	<b>RAUDALGENE</b> utgjer ei eiga formell gruppe som tidvis blir behandla som eit eige rike. Her blir dei inkluderte i planteriket.	
<b>KLOROFYTTAR</b> (CHLOROPHYTA)	Somme eincella og delvis kolonidannande, andre store og fleircella.	havsalat, <i>Chlamydomonas</i> 	Dei fleste grønalgane høyrer heime her, og desse utgjer ei formell gruppe.	
<b>KRANSALGAR</b> (CHARALES)	Har kransstilte kortskot. Er nærare i slekt med landplantane enn med dei andre grønalgane!	grønkrans, piggkrans, glattkrans 	Saman med nokre andre typar kransalgar utgjer desse og landplantane den formelle gruppa <b>STREPTOPHYTA</b> .	

GRUPPE	BESKRIVING/KJENNETEIKN	EKSEMPEL	FORMELLE GRUPPER	UFORMELLE GRUPPER
<b>LEVERMOSAR (MARCHANTIO-PHYTA)</b>	Stor variasjon i bygning, men har fleire fellestrekk (oljelekamar og elaterar), somme er differensierte i stengel og blad – andre ikkje.	tvaremore, krokodillemose, skjeggmosar		<b>MOSAR</b> er enkelt bygde landplantar som manglar ekte røter og eit avansert indre transportsystem. Dei formeirar seg ved hjelp av sporar. Dei omfattar òg nålekapselmosane.
<b>BLADMOSAR (BRYOPHYTA)</b>	Bladmosane er differensierte i stengel og blad. Somme har enkle system for indre væsketransport.	ekte bladmosar: bjørnemosar, etasjemose, sigdmosar, kransemosar, vrangmosar	<b>TORVMOSAR (SPHAGNIDAE)</b> <b>SOTMOSAR (ANDREAEIDAE)</b> <b>EKTE BLADMOSAR (BRYIDAE)</b>	
<b>KRÅKEFOTPLANTAR (LYCOPODIOPHYTA)</b>	Sporehusa sit hos desse enkeltvis i bladhjørna. Blada er einnerva.	lusegras, kråkefot, jamne		
<b>SNELLEPLANTAR (EQUISETOPHYTA)</b>	Sporehusa sit i aksforma samlingar på omdanna blad. Stenglar innhole og leddelte.	åkersnelle, engsnelle, skogsnelle	<b>MONILOPHYTA</b> er eit fellesnamn for sneller og bregnar som saman utgjer ei formell gruppe. Enkelte bregnar er nemleg nærare i slekt med snellene enn med dei andre bregnane!	
<b>BREGNEPLANTAR (PTERIDOPHYTA)</b>	Sporehusa sit i kanten eller på flata av vanlege blad eller somme gonger på eigne blad.	marinøkkel, einstape, skogburkne, fugletelg		
<b>GINKGO (GINKGOPHYTA)</b>	Lauvfallende nakenfrøa, utbreidd gruppe for 250–200 millionar år sidan. No berre éin gjenlevande art. – Bli kalla ein "levande fossil".	tempeltre ( <i>Ginkgo biloba</i> ) 	<b>NAKENFRØA (GYMNOSPERMAE)</b> har ikkje fruktblad som vernar frøet. I tillegg til <i>Ginkgo</i> og bartre høyrer kongepalmane heime her.	Det er usikkert om dei nakenfrøa utgjer ei formell gruppe eller ikkje.
<b>BARTRE (PINOPHYTA)</b>	Bartre er vedplantar med nål- eller skjelforma blad. Frøa sit utan vern ("nakne") bak det som blir kalla kongleskjel.	furufamilien: gran, furu, lerk; syressfamilien: einer, tuja; barlindfamilien: barlind		
<b>EINFRØBLADA (MONO-COTYLEDONAE)</b>	Frøet spirer med eitt frøblad, og rota er oftast ei knipperot. Blada har parallell- eller bogeneratur.	grasfamilien: havre; orkidéfamilien: fruesko, raudflangre; liljefamilien: gullstjerne	<b>DEKKFRØA BLOMSTER-PLANTAR (ANGIOSPERMAE)</b> har blomster med fruktblad som vernar frøa. Vassliljer og <i>Magnolia</i> høyrer til i andre, eigne grupper.	Den gamle todelinga i tofrø- og einfrøblada har vist seg ikkje å halde mål. Dei tofrøblada er fordelte på den store gruppa ekte tofrøblada og andre grupper.
<b>EKTE TOFRØBLADA (EUDI-COTYLEDONAE)</b>	Frøet spirer med to frøblad, og rota er oftast ei hovudrot med siderøter. Blad oftast med fjør- eller handneratur.	rosefamilien: molte; soleiefamilien: engsoleie; korgplantefamilien: løvetann, prestekrage		
<b>EUBAKTERIAR (EUBACTERIA)</b>	Mange dannar symbiotiske forbindelsar med eukaryotar, og somme er sjukdomsframkallande.	cyanobakteriar/blågrøn- "algar", spiroketar (f.eks. <i>Borelia</i> )	Dette domenet inneheld eitt rike og rundt 50 ulike rekkjer. 	Prokaryotane (eincella organismar utan cellekjerne) blei før samla i riket <b>MONERA</b> , men er no fordelte på to domene og fleire mindre rike.
<b>ARKAR (ARCHAEA)</b>	Mange spesielle trekk, somme felles med cellekjernen hos eukaryotar. Fleire lever i ekstreme habitat.	arkebakteriar 	Dette domenet inneheld fleire rike.	